

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Torhild Nordbø Velle [mailto:torhildnvelle@hotmail.com]

Sendt: 24. august 2014 20:02

Til: Forværelse - Me

Emne: NRK

Tusen takk til kulturministeren som ynskjer ein open debatt omkring NRK! Dette har eg venta lenge på, men under den raudgrøne regjeringa var det som å rope til veggen - dei ville bare høyre det dei hadde lyst til å høyre, andre innspel vart bare lagt i ein skuff. Som då programmet Trekantsex vart vist - eg kom med ei klage, og fekk seinare vite at det hadde kome mange klager, men Håkon Moslet hadde bare lagt dei i ein skuff, dei var ikkje noko å bry seg om, dei kom for det meste frå nokre "sære" kristne som ikkje var nokon ting å bry seg om. Men vi er då med på å finansiere kanalen økonomisk! Kvifor må vi det, når vi ikkje blir høyrd? Verkeleg godt med eit skifte!

Eg synes det er viktig å sende gode, positive program med positive verdiar. Eg hugsar med glede program på 80 talet som Cosby familien, livet med Larkins, humor program som Marve Fleksnes. Vi får det samfunn vi lærer borna våre opp til. Kvifor kan vi ikkje få byggande, positive program med fokus på verdiar som: omtanke for kvarandre, det å lytte til kvarandre, hjelpe kvarandre, støtte kvarandre i kvardagen, kort sagt gjere livet betre for andre? Kanskje det hadde vore ein ide å ha eit program om kvardagsheltar i vårt samfunn, der dei vert løfta fram? Eg tenkjer på foreldre med funksjonshemma born som elsker borna sine og gjer alt dei kan for dei, ektefeller som har sjuke ektemakar og som trufast stiller opp, menneske som Rachel Trovi som driv eit stort hjelpearbeid på Filippinane blant foreldreause born, Inger Harrington i Brasil- deira historiar er både spennande og fasinerande.

Eg synes også det er underleg at all slag ungdomsfestivalar og andre festivalar med fyll og bråk vert kringkasta, medan det kjem ingen ting frå kristne festivalar og stemne som er fulle av glede, utan alkohol. Og her er masse kristne stemne og leirar om sommarane over heile landet, også med masse ungdom samla. Kvifor kjem det aldri noko frå desse?

Til slutt om Israel konflikten: Eg fylgjer også med på utanlandske media, og ser kor skeiv den norske dekninga er. Eg har irritert meg over dette i lang tid, men under den raudgrøne regjeringa var det som å stange hovudet i veggen, dei ville ikkje høyre på andre enn seg sjølv, så det var nyttelaust å protestere. Sissel Wold og Odd Karsten Tveit er begge svært pro-palestinske, og evnar ikkje å setje seg inn i Israels situasjon. Eg etterlyser ein sakleg analyse og ei sakleg framstilling, der problema til både det palestinske og det jødiske folket blir framstilt på ein sakleg måte, og der Hamas vert framstilt som det det er, ein terrororganisasjon som øydelegg det palestinske folket. Slik det blir framstilt i media no, trur det norske folk at Israel er sydebukken, og bare Israel gjekk med på Hamas sine krav, ville alt vere fryd og gammen. Men Hamas sitt mål er å utslette Israel. Israel kjempar for å overleve i ei lita lomme midt blant fiendtlege muslim-statar på alle kantar der ulike terrorgrupper har som mål å utslette Israel. Kva skal Israel gjere når tusenvis av rakettar vert skotne ned over hovuda på dei, år etter år, og Hamas byggjer smuglar-tunnellar for pengane som skulle gå til det palestinske folket? Israels reaksjon kjem alltid, alltid som svar på at rakettar har blitt skotne ned over dei, eller sjølvmondsbombarar har sprengt seg sjølv i lufta i Israel -og skapt frykt og gjort skade. Kvifor kjem ikkje dette fram i media? Kvifor vert det alltid framstilt som at Israel er den aggressive parten? At Israel angreip fordi Hamas hadde skote ei rekkje

rakettar mot dei, vert oftast føya til som ein liten parentes. Og det er takka vere Israels innsats at rakettane ikkje har gjort større skade til no. Israel greier å skyte ned mange rakettar, og folk spring til bombesikre bomberom. Hadde Hamas tatt like godt vare på sine innbyggjarar som Israel gjer med sine, hadde ikkje tapa på palestinsk side blitt så store. Anbefalar dykk å lese boka av Mosab Hassan Yousef: Sønn av Hamas, utgitt på Hermon forlag.

Igjen, tusen takk til kulturministeren som vil høyre alle, og ikkje bare det som er politisk korrekt.

Vennleg helsing,
Torhild Nordbø Velle